

## ”FILOLOGEN I ÆVENTYRLAND”

Steinar Gimnes, NTNU

Når eg gjennom ein lang periode har kome til Tromsø på hyppige visittar, som sensor, komited medlem, seminardeltakar eller forelesar, oftast invitert av Nils Magne, har han nesten alltid vori på pletten på flyplassen, som om han ville rulle ut ein raud løpar, og skulle han ikkje vere der, har han ein alvorleg gyldig grunn for forfallet. Ein kjem ikkje til Tromsø som ein 'nichtsforingenting' når Nils Magne er vert, slik Hamsuns Reiersen av "Sydstjærnen" opplevde det på sine eldre dagar. Nei, tvertimot får ein ei kjensle av å gjere byen og universitetet ei stor ære ved si vitjing, ja, ein kan kome til å kjenne seg som ein *vip* frå store forhold sørpå om ein er naiv og kanskje blir freista til å tru at det er slik, eller iallfall at Nils Magne meiner det slik. Sjølv sagt gjer han ikkje det, og sjølv sagt er ein ikkje naiv. Det heile er eit galant spel; Nils Magne ser ikkje sørover med store auge og open munn. Han veit ikkje av eit betre "Æventyrland" enn det han har. Spelet er spel, men hans gjestmilde og hans venesæle er ekte og slitesterk.

Hamsun skreiv ironisk om "Teologen i Æventyrland" som vart lokka nordover av bisp, statsråd og amtmann, for der, i Tromsø Stift, kunne han "gøre sig Haab om Paaskønnelse og Avløsning inden rimelig Tid"; eit feitare kall sørpå. Nils Magne, i rolla som "Filologen i Æventyrland", har aldri trengt insentivar og "Paaskønnelse" for å bli der, men kor forbitra må han ikkje ha vori på dei mange akademikarane sørfrå som tenkte og handla som Hamsuns teologar! Sjølv gjorde han 'Æventyrlandet', i fortid og nåtid, sett utanfrå og innanfrå, med sin litteratur, sin folklore og sine mange kulturovringar til sitt breie forskingsfelt og levebrød.

Som den rasjonelle mann Nils Magne er, har han gjort sitt for å avmytifikere "Æventyrlandet", men inst inne trur eg likevel at han på visse område er like irrasjonell som Hamsun, og har like stor sans for begrepet og for realiteten i det, som han. Ja, i den grad er Nils Magne og "Æventyrlandet" så gjensidig avhengige av kvarandre at det er umulig å tenkje seg han i ein *annan* setting, ein *annan* stad. Mi forteljing om Nils Magne er umulig utan "Tromsø stift" som meiningsgivande setting, men *det* inneber også at han har ein snev av *land-*

strykaren i seg. 'Æventyrlandet' som forskingsfelt har jo det til felles med Hamsun at det opnar for verda. Med 'Æventyrlandet' og Hamsun i kofferten kan du stadig vere på farten, og *er* du stadig på farten; i skrivande stund til Paris for å lansere ei ny bok, på fransk, om ein ekspedisjon til Nord-Norge tidleg på 1800-talet. Kanskje var det ikkje tilfeldig at du innleidde di Hamsun-forskning med Benoni Hartvigsen, den eventyrlege Benoni som såg og nytta ut (med god hjelp frå andre) 'sølvet' i havet og i berget og som vart ein rik og mektig mann, misunt og beundra av sine tidlegare 'gelikere'; ein eventyrleg mann som Hamsun såg med smilande godhug på, og som ikkje kunne sjå noko poeng i å vere mektig og rik blant framande på ein framand stad.

Du byrja altså ditt akademiske løp som Hamsun-forskar, eg byrja mitt som Sandel-forskar. Begge vil eg kalle 'nordnorske' forfattarar, men det ante meg at du ikkje delte mitt sterke engasjement for Cora Sandel. Eller tar eg feil, for eg trur ikkje vi nokon gong har diskutert det? Det låg mellom linjene, og vi litteraturvitarar veit jo at det ligg mykje der, og der kan vi også leggje mykje. Kanskje låg grunnen ganske enkelt i ei langvarig arbeidsfordeling på Nordisk institutt i Tromsø; Åse Hiorth Lervik tok seg av Sandel, Nils Magne av Hamsun. Iallfall og heldigvis vart det mange Tromsø-turar på meg av den grunn. 'Mine' to forfattarar sto der i det akademiske sentrum.

Nei, grunnen kunne ikkje vere så triviell og praktisk basert. La meg derfor skape meg ein '*Nils Magne*' av mellomromma mellom linjene og postulere han som ein litteraturvitar som ikkje likar Cora Sandel noko særleg. Kanskje sit den *verkelege* Nils Magne i si rommelege stove i sitt nybygde fjordpalass med ei Cora Sandel-bok i fanget og humrar av hennes eminente, litterære kunst? Eller kanskje ligg han på fjorden og dreg all den fisken eg enno ikkje veit om han *verkeleg* dreg og gir ein god dag i både Sandel og Hamsun?

Men la oss likevel halde fast på vår påstand, om ikkje anna enn som eit retorisk grep for å legitimere mitt 'forsvar' for Cora Sandel som 'nordnorsk' forfattar. Tarjei Vesaas likte ikkje Holberg. Grunnen var enkel og grei; *han gjer narr av folk*, meinte Vesaas, men da han *måtte* oververe ei framsyning av *Den stundesløse* i Vinje, med Halldis som instruktør, endte det med at Halldis hørde han klukklo under dyna, kvelden etter framsyninga. "Eg ler av Magdelone", forklarte Tarjei.

Kunstens evne til å få oss på andre og betre tankar er imponerande stor!

Eg vil ha 'Nils Magne' til å like Cora Sandel jamvel om ho ikkje framstiller den nordnorske småbyen som eit 'Æventyrland', men tvert om som ein stad der kulden og mørkret trugar med å ta luven av lyset og varmen. Litterært sett er Cora Sandel merka for livet av Nord-Norge, som Hamsun, men faktisk meir konsekvent, for som kunstnar er ho avgjerande og vedvarande 'bunden' til den nordnorske småbyen. Han er *staden* for ei uløyseleg eksistensiell konflikt som Cora Sandel tematiserer i verk etter verk, i tekst etter tekst. Nærmare 80 år gamal sit ho i Uppsala og diktar sine *Kjøp ikke Dondi* – figurar inn i sin ungdoms nordnorske by. Modellen for han, Tromsø, har ho så å seie ikkje sett på 50 år. Tromsø og Nils Magne, både med og utan hermeteikn, bør vere stolt av ein diktar som er så trufast og kunstnarisk generøs mot sin modell. Ja, Cora Sandel kan jamførast med nettopp forskaren og folkeopplysaren Nils Magne i dette å gjere seg kreativt avhengig av 'Æventyrlandet' som myte og realitet.

Både lek og lærd i Norge koplar spontant Nils Magne Knutsen til Knut Hamsun. Og med god grunn, for i stor stil og i mange ulike fora har du formidla Hamsun og skapt interesse for Hamsun nasjonalt og internasjonalt. *Min første Hamsun-artikkel om dobbeltromanen Benoni og Rosa*, vart publisert i *Edda* i 1976, rett etter at du hadde gitt ut *Makt – avmakt. En studie i Hamsuns Benoni og Rosa* (1975). Vi skreiv om dei same romanane utan å vere klår over det, og det var langt frå dei høgast vurderte Hamsun-romanane vi skreiv om! Forskingshistoria kan nok varte opp med langt større og meir slåande samantreff, men eit samantreff var det, og visse konsekvensar fekk det. For ventetida var lang i *Edda* den gongen, og artikkelen min var skriven før boka di kom ut. Det førte til at eg måtte justere meg ein del i forhold til di *Makt – avmakt* da artikkelen skulle prentast. Eg måtte stryke ei lang innleiing som forankra romanhandlinga i den materielle, sosial-historiske røyndomen. Det var eit tungt stryk, for eg hadde (i tidas ånd) arbeidd hardt og lenge for å få det historiske til å henge saman med og kaste lys over det litterære. Det lykkast bra, syntest eg da, men eg måtte vedgå at *Edda*-redaktør Åse Hiorth Lervik og redaksjonssekretær Nils M. Knutsen hadde rett i at den amputerte artikkelen greidde seg bra utan historisk ramme. Den hadde jo du tatt deg av mykje grundigare og betre.

Slik greip vi inn i kvarandre tidleg i vår karriere, og kanskje kan eg påstå at du, Nils Magne, med di sosiologiske forankring, (eller var det Åse?), paradoksalt nok bidro til å gjere min forskarprofil, i den grad han er til å få auge på, *mindre* sosiologisk. Kanskje var det best slik; ja, det var best slik. Men vi gjorde iallfall, utan å vere klår over det, ein felles innsats for å gjenoppdage desse to små Hamsun-romanane som forskarane har forsømt og undervurdert i så urimeleg grad heilt frå starten.

Men til kva nytte? Dei sosiologiske og eksistensielle perspektiva våre hadde merkeleg nok ikkje den omkalfatrande kraft som skulle til for å endre vurderinga av *Benoni* og *Rosa*. Ikkje eingong blant vener og kjente, for i Walter Baumgartners bok om Hamsun hevdar han at komikken i romanane gjer alt til underholdning. "De skarpe klasse-motsetningene på Sirilund er utelukkende bakgrunn for plumpe og saftige, spennende, tragiske og komiske scener, og virkefelt for den geniale ironiker Hamsun – på underklassens bekostning" (*Den modernistiske Hamsun*, 1998, s. 97). Les ikkje vår kjære kollega Benoni slik som Vesaas las Holberg – men utan å le av Magdelone etterpå?

Eg trur denne ideologikritiske lesinga og negative oppfatninga av *Benoni* og *Rosa*, i for stor grad gløymer bipersonane i romanane, som er så viktige og som set naiviteten og oppdrifta til Benoni i kritisk relieff. Omkring den positive helten Benoni, som har det "lys av dumhet inde i hodet" som skal til for å leve, i følgje Edvarda, krinsar ei gruppe desillusjonerte bipersonar som har mista, eller er i ferd med å miste denne evna; fyrvaktar Schøning, den eldre Edvarda frå *Pan*, sakfører Nikolai Arntsen, Svend vægter, eg-forteljaren student Parelius i *Rosa*, for å nemne dei viktigaste. I *Benoni* og i *Rosa* er det altså bipersonane som gjer tekstane til romanar som krinsar om dei store eksistensielle spørsmåla. Frå sine posisjonar og ulike perspektiv, frå sine skuffa forventningar, sin resignasjon, si likesæle, sin melankoli, sin sarkasme og sin kynisme, kommenterer dei det enkle, tragikomiske, trivillitterære forløpet som hovudpersonen blir til del; fattigguten Benoni som blir både rik og lykkeleg, som blir Macks kompanjong og som vinn prestedottera Rosa og den kjernefamiliære lykka. Det er denne spenninga og kontrasten mellom hovudpersonar og bipersonar som plasserer romanane i dialog med ei rad Hamsun-tekstar, som repeterer, varierer og fornyar søkinga etter "tilfredsheten ved livet". Denne kreative ulminga etablerer ein topos i forfattar-

skapen som det kunne vere god grunn til å gå grundigare inn på. Kanskje skulle vi gjere eit nytt forsøk med *Benoni* og *Rosa*, Nils Magne? Med Knut Pedersens åtvaring i bakhovudet at "Alder skjænker ingen modenhet, alder den skjænker intet andet end alderdom". Men kan det vere rett diagnose? Hamsun har heldigvis både stadfest og demen-tert diagnosen.

Nå er dette i ferd med å bli det det ikkje skulle bli, ein fag-artikkel. La meg derfor slutte med eit høgdepunkt i Nils Magne's karriere som *formidlar* av 'Æventyrlandet'; eit høgdepunkt der 'showing' er langt viktigare enn 'telling', og der visse science fiction-drag er med, men som min gode og ærlege kollega i Trondheim, Erik Østerud, kan vitne på er like sant og verkeleg som det er vakkert. Forteljinga byrjar sørgeleg. Ein flokk seminardeltakarar var blitt kasta ut av ein restaurant fordi kelnaren såg ei, eller var det to, medbrakte flasker. Der sto vi i den klære og kjølege Tromsø-natta, i festbyen Tromsø, som ingen forlet utan... Sjølv sagt tok Nils Magne ansvar. I samla flokk traska vi opp til rekkjehuset hans (den gongen) og fylte opp alt han hadde av rom og tømte alt han hadde av flytande og faste næringsstoff. Nils Magne hadde ein stri tørn med å skape balanse mellom omsynet til oss og til naboen, ja, vi såg så til dei gradar bort frå det siste omsynet at noko måtte gjerast. Det var da Nils Magne bad oss med ut på terrassen. Og kva hadde han sett i scene der? Jo, han hadde bestilt nordlys, fullmåne, stjernehimnel, utsyn over byen, fjorden og fjella – og *to* hurtigruter som skulle gli inn i scenebildet frå kvar sin kant. Alt var levert, i overflod, til å med dei to hurtigrutene som fullendte det sublime bildet. Og som seg hør og bør andsynes det sublime, vart vi ståande mållause, med open munn, hutrande av noko anna enn frost! Såg vi det, eller såg vi det ikkje? Jo, vi såg det! Og alle forsøk på kjeldegransking og rekonstruksjon av situasjonen kan ikkje endre på at dette er sant!